

18/531

13-February-2015

Lindås Kommune
v/ordførar

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13. 02. 2015	
Ark saksnr	I øpenr
Saksh	Følgarskodf

Brøyte- og straum-kostnadar for veganlegg til byggjefeltet Hodno, 5957 Myking.

Ein kort historikk vedkomande dette prosjektet som i dag har tilsaman 13 bustadhus som, bortsett frå ett, alle er bygde etter 1974.

Bustadhusa er bygde langs Sjovegen, som no har fått navnet Hodno. Vegen, som var ca 500 meter lang var tidlegare berre ein skogsveg for bøndene som har skogeigedomar her. Etterkvart som det vart byggjevirksomhet på private tomtar langs vegen er den vorte oppgradert og gjort kjørbar for grunneigarar og oppsitjarane.

Me har heile tida, sidan på '70-talet, vore i tett dialog med teknisk etat med tanke på å få Lindås kommune til å overta vegen. Krava er vorte skjerpa med åra og me har frå kommunen fått krav om m.a forsterkningar av bru, laga stikkrenner, grøfter, krav om dekke og krav om grunnavståing.

Arbeidet med å få kommunen til å overta vegen vart "lagt på is" då kommunen meinte at ein del av vegen hadde ei for bratt stigning. I nokre år vart det jobba med å få grunn til ny veg samt finansiering av denne.

Først i 2010 stod den nye vegen klar, den er på ca 100 meter, slik at vegen totalt i dag er på ca 600 meter. Ny asfalt er lagt og godkjent av kommunen sin representant (Fanavoll)

Av alle krava frå kommunen for å overta vegen står no berre grunnavståing langs partar av vegen att, her slit me med noverande grunneigarar og dermed stoppar det opp for oss, igjen!


I over 40 år har me jobba dugnad og betalt dei anleggskostnader som var nødvendig for å stetta kommunen sine krav vedk overtaking av vegen. I tillegg til dette betalar me brøyteutgifter samt utgifter til nokre veglys.

Me er sjølv sagt også med og bidrar til det offentlege; med tanke på kommunale avgifter og skatt. Utfrå dette og overståande er det at dette brevet vert skrive.

Etterkvart er nokre av oss vorte pensjonistar og med tanke på offentlege helsetenester osv er det viktig for oss å vita at brøyting vert gjort slik vanleg er, etter krav som kommunen har til sine vegar.

På vegne av oppsitjarane vil underteikna med dette be om at kommunen tek over brøyte- og straumkostnader på vegen!

Myking, 6. februar 2015


Yngvar Hodnekvam
Hodno 69
5957 Myking
yhodnekv@online.no, tlf 90886505

ps. me har følt oss makteslause mange gonger for å koma vidare i denne saka og fann no å måtte gjera "ein vri"; derfor vil me la dette gå direkte til deg som ordførar.

Me er klar over at du ikkje kan ta avgjersla om dette åleine men me føler at du er den personen me set vår lit til i å påverka dei rette etatane , rådmann, formannskap og kommunestyre i ei evt vidare handsaming av saka - samt oppfølgjing.

Underteikna er svært interessert i å visa fram vegen slik den ligg i dag, om dette er av interesse kan du ta kontakt med meg på telefon eller e-mail for å avtala eit evt tidspunkt.

Med venleg helsing
ds